

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/2029-1

## Årsplan 2018. Verdiskapingsplanen

**Fylkesrådmannen rår Hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek årsplanen for arbeidet med regional plan for verdiskaping for 2018.
2. Finansiering av arbeidet er for Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del avklara gjennom budsjettet for 2018.

### **Vedlegg:**

Årsplan for 2018. Verdiskapingsplanen

### **Andre relevante dokument i saka:**

Verdiskapingsplanen og tidlegare handlingsplanar ligg på [www.verdiskapingsplanen.no](http://www.verdiskapingsplanen.no)

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1 . Bakgrunn for saka**

For regionale planar har det i plan- og bygningslova vore føresett politisk oppfølging gjennom handsaming av årsplanar. Årsplanar er no ei friviljug sak.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Regional plan for verdiskaping (verdiskapingsplanen ) vart vedteken i FT 11. juni 2014, i sak 8/ 14. Den 4-årige handlingsplanen vart vedteken av fylkestinget 9. desember 2014 , jf. FT-sak 40 /14 . I saka vart det føresett at fylkesutvalet skal handsame årsplanar .

Ein industristrategi vart vedteken av fylkesting et i sak 35/15 , 13. oktober 2015. Satsinga landbruk vart handsama politisk i FT sak 6/16 , 19. april 2016.

#### Sentrale problemstillingar

Det er to viktige funksjonar for ein årsplan:

- Partnerskapen kan avklare viktige endringar eller presiseringar.
- Partnerskapen klargjer korleis ein prioriterer for å nå målsettingane i planen.

I og med at fylkeskommunen arbeider med ein statusgjennomgang etter 4-års arbeid på grunnlag av verdiskapingsplanen, vil større justeringar bli tema i den saka og i liten grad i årsplanen. Statusgjennomgang for verdiskapingsplanen (rullering av planen) er venta lagt fram for FT i juni i år.

#### Andre opplysningar

I årsplanen vert kvar satsing innleia med link til overordna dokument. Tinginga til dei som har levert delbidrag er at vi ikkje skal gjenta overordna føringar, men «gå rett på » ev. endringar, presiseringar og gjere greie for korleis vi prioriterer for å nå målet for ei satsing.

## **2 . Vurderingar og konsekvensar**

#### Økonomi - og budsjettkonsekvensar

Det er ingen budsjettkonsekvensar for fylkeskommunen ut over det som alt er avklara i budsjett 2018. I den grad det er avvik mellom partnarane sine budsjett og årsplanen, er det budsjettet for 2018 som gjeld.

#### Plankonsekvensar

Det er ingen spesielle plankonsekvensar som bør nemnast.

## **3. Konklusjon**

Årsplanen for 2018 skal først og fremst synleggjere prioritert innsats for å nå måla i verdiskapingsplanen. Vurdering av innsatsen så langt og viktige endringar for vidare arbeid vert fremja i sak om rullering av verdiskapingsplanen. Sak om rullering vert etter planen fremja for FT i juni-18.

Fylkesrådmannen tilrår at årsplanen vert vedteken.